

Styremøte 6 - 2017

Torsdag 3. november 2017 kl. 18:00 hos Inge

Desse deltok: Terje Edvardsen, Arne Hjertenes, Ole Bosnes, Inge Bakke.

Saker

1. Klubbhuset

a) Økonomi

Byggerekneskap per 15. oktober 2017				
	Opprinneleg tilbod	Hittil utbetalt	Rest	
Selje Trevare	425 000	265 150	159 850	
Eid Elektro	112 600	-	112 600	
Stadlandet VVS	83 376	-	83 376	
Kvernevik AS	9 500	9 500	-	
Roe Myklebust	19 750	19 750	-	
Låneramme 700 000	Sum	650 226	294 400	355 826

b) Framdrift

Huset er tett ute, inndelt inne, varmekabler lagt på toalettrommet, finplate støpt på opphaldsrommet. Elektriker har lagt inn alle punkt og trekkerør.

c) Dugnad

Isolasjon står for tur. 10 medlemmar som ikkje hittil har delteke på dugnad blir kalt inn lørdag 11. november kl. 10 for å legge isolasjon i tak og veggjar. Kyndig person skal vere tilstades og sjekke at alt gjerast rett.

2. Omsetting av båtplasser

Det er eit problem at båtane i hamna ikkje er plassert i samsvar med storleiken av plassen. Det er også eit prinsipielt problem at framleige av plassar skjer på privat basis. I utgangspunktet er medlemmane **andelseigarar i laget**, ikkje **eigarar av båtplassar**.

Styret meiner at disponeringa av båtplassane i hamna, inkludert framleiga, i større grad må organiserast av styret. Vedtektene har bestemmelse om dette i paragrafane 9, 10 og 11.

Til styremøtet la leiar fram dette framlegget til drøfting. Det vart ikkje vedteke noko, men styret diskuterte kva for konsekvensar dette framlegget ville gje dersom det vart vedteke av årsmøtet.

Styret vedtok å drøfte saka vidare i neste møte som vert i romjula. Sjå røftingsutkastet på dei to neste sidene!

Møtet slutt.

§9 Båtplassane

1. I kvar båtplass skal det ligge kun ein båt.
2. Kvar båtplass skal bere drifts- og vedlikehaldskostnader for utriggarar. Eigaren av båten er ansvarleg for at båten er forsikra og at utriggarane er i forskriftsmessig stand.
3. Styret kan krevje å få lagt fram forsikringsbevis.
4. Ved behov kan breidden av båtplass justerast dersom det kan skje i semje med eigar av naboplass.
5. Ingen båt i hamna skal ha storleik over 10 tonn eller 12 meter.
(Innført i vedtektene februar 2017 og gjeld frå då, men skal ikkje ha tilbakevirkande kraft).
6. Plassar som ikkje har vore i bruk av eigar dei to siste åra, eller ikkje har vore leigd ut desse åra, kan overtakast av laget.
7. Båtplass kan berre arvas i direkte linje opp eller nedover i arverekkefølgjen.
8. Eit medlem kan ikkje eige meir enn to båtplassar i hamna. Kvar plass utløyser fulle medlemsrettigheter og -pliktar.

§10 Fordeling av båtplassar

1. Styret skal fordele båtplassar

All fordeling av båtplassar, ved arv, sal, kjøp og utleige, skal skje gjennom styret i Holmavika Hamnelag SA.

2. Lister

Styret skal føre tre lister:

a. Bytteliste

Her kan dei medlemmane teikne seg som ynskjer å bytte til ein annan plass i hamna

b. Kjøpsliste

Her kan utanforståande teikne seg som ynskjer å kjøpe båtplass og bli medlem i hamnelaget. Denne lista skal vere delt i tre:

- i. Del ein for dei som har bustadsadresse frå og med Skårbø, til og med Eide.
- ii. Del to for dei som har bustadsadresse på Stadhalvøya, mellom Eide til og med Flatraket, og mellom Eide til og med Skorge.
- iii. Del tre for dei som har bustadsadresse utanfor områda angitt for liste ei og to.

c. Leigeliste

Her kan utanforståande teikne seg som ynskjer å leige plass i hamna, utan å bli medlem. Denne lista skal vere delt i tre:

- i. Del ein for dei som har bustadsadresse frå og med Skårbø, til og med Eide.
- ii. Del to for dei som har bustadsadresse på Stadhalvøya, mellom Eide til og med Flatraket, og mellom Eide til og med Skorge.
- iii. Del tre for dei som har bustadsadresse utanfor områda angitt for liste ei og to.

- iv. For alle tre lister gjeld at kun skriftlege søknadar om å stå på lista vert behandla. Det er høve til å teikne seg på leigelista sjølv om ein også står på kjøpslista.

3. **Sal**

Medlem som ynskjer å selje plassen sin skal gje skriftleg meldig til styret.

4. **Fordeling av plass til sals**

Ledige plassar blir først tilbode medlemmane på byttelista og tildelt etter ansiennitet på lista. Dersom ein ny plass blir ledig ved bytte blir denne tilbode dei resterande medlemmane på byttelista og tildelt etter ansiennitet, heilt til ingen på byttelista ynskjer å bytte til gjenverande plass.

Gjenverande plass vert deretter tilbode dei som har teikna seg på kjøpslista, og tildelt etter ansiennitet, der alle på liste 1 har førerrett fram for dei på liste 2 og 3, og alle på liste 2 har førerrett framfor dei på liste 3.

For både bytte- og kjøpslistene er det høve til å avslå tilbod utan å miste plassen sin på lista.

5. **Utleige**

Medlem som ynskjer å leige ut plassen sin skal gje skriftleg meldig til styret.

6. **Fordeling av utleigeplassar**

Utleigeplassar vert tilbode dei som står på leigelista og fordelt etter ansiennitet på lista. Det er høve til å avslå tilbod utan å miste plassen sin på lista.

7. **Prisar og betaling**

a. **Prisar ved sal/kjøp av båt plass**

Kjøpar skal betale andelsinnskott i samsvar med vedtekenes paragraf 3, pluss eit kjøpsgebyr på 5 % av andelsinnskottet, til hamnelaget sin bankkonto. Betalingsfrist 14 dagar. Innan fem virkedager etter innbetaling frå kjøpar, skal andelsinnskottet utbetalast til seljar. Hamnelaget skal behalde kjøpsgebyret.

b. **Prisar ved utleige av båt plass**

Årsprisen for utleige er 10 % av andelsinnskottet for plassen. Månadsprisen vert 1/12 av dette. Leiga skal betalast forskottsvis til hamnelaget. Hamnelaget beheld 10 % av leigeinntekta. Resten utbetalast plasseigar i løpet av januar kvart år.

c. **Rettar og pliktar ved utleige**

- i. Utleigar overtek plasseigaren/medlemmet sin hamnenøkkel i leigeperioden og får høve til å nytte slippet til medlemspris. Utleigar er ansvarleg for vedlikehald av utriggar og eventuelt straumforbruk.
- ii. Plasseigar/medlemmet er ansvarleg for dugnadsplikt til hamnelaget og betaling av årleg medlemsavgift.

§11 går ut.